

Innspel til jordbrukstingingane 2014 Hordaland Sau og Geit

Sau

1. Produksjonstilskot

Modell B i rapport frå arbeidsgruppa til jordbrukstingingane 2014 med følgjande forslag til justeringar:

Redusera tilskotet til sau over 1 år og auka tilskotet til lammeslakt, fordi forslaget som ligg føre gjev urimeleg stor auke i tilskotet til utegangarsau. Frå kr 210 i dag til kr 495 (med 0 lammeslakt). Dette er ikkje i tråd med mandatet sitt mål om å stimulera til auka kjøtproduksjon.

Auka kravet til klasse for å få tilskot til lammeslakt frå O til O+. Dette fordi kvaliteten på lam har auka fleire klassar sidan kvalitetstillegg for lam vart innført for meir enn ti år sidan. Dette vil og stimulera til høgare kvalitet på lammeslakt frå utegangarsau.

Tilskotet til lammeslakt bør utbetalast på slakteavrekninga.

2. Beitetilskot

Utmarksbeitetilskotet vert auka frå kr 142 til kr 200.

Beitetilskotet vert auka frå kr 40 til kr 100.

3. Avløysartilskot

Auka avløysartilskotet til kr 80 000, og satsane pr. dyr frå kr 499 til kr 560.

4. Investeringsstøtte

Investeringstøtte og til mindre bruk. Dette er viktig for å oppretthalda produksjonen, då det i mange område ikkje ligg til rette for større einingar.

5. Elektronisk overvaking

Auka tilskot til elektronisk overvaking. Dette vil effektivisera beitebruken og redusera tap i utmarksbeite.

6. Momsgrensa

Momsgrensa må stå på kr 50 000.

Geit

Friskare Geiter

Gjennom prosjektet Friskere Geiter er geitmjølkeprodusentane snart i mål med å sanere bort dei tre kroniske sjukdomane CAE, Paratuberkulose og Byllesjuka som geiteflokkane har vore plaga med. Dette er eit stort løft for næringa men det har «kosta» enormt på fleire måtar.

Det står framleis att å dokumentere helsestatus på ein god del amme- og hobbygeiter. Dette er uheldig med tanke på re-smitte og verkar skremmande for dei mange som har sanert.

Under årets jordbrukstingingar må det setjast av midlar som sikrar at alle geiter får dokumentert helsestatus og at nødvendige tiltak blir gjennomført der det er funn av dei nemnde sjukdomane. Det må i tillegg sikrast midlar for eit oppfølgings-program også for dette geitehaldet.

Generelt

1. Oppretthalda distriktstilskotet på slakt.
2. Oppretthalda frakttilskot for kraftfôr og kjøtt, og inntransport av slakt og mjølk.
3. Korn og kraftfôrpolitikken.

Oppretthalda kornproduksjonen i dei områda som er egna til det, og unngå flytting av husdyrhaldet frå områda der grasproduksjon og beitebruk er einaste egna produksjon.

Med venleg helsing
Hordaland Sau og Geit

for styret Nils Inge Hitland